



# «Tett på» – politkaropplæring om plan for distriktskommunar

Rådgivar Synnøve Valle, Møre og Romsdal fylkeskommune

Nasjonal plankonferanse 27.11.24



Statsforvaltaren  
i Møre og Romsdal



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



**Distriktsenteret**  
Kompetansesenter for distriktsutvikling

# Det starta med....

Ønske (og behov) for:

- Å jobbe på nye måtar – bygge eit betre lag rundt kommunane
- Meir effektiv rettleiing som skaper betre planpolitikarar i dei minste kommunane
- Å fylle rolla som Statsforvaltar og fylkeskommune har som planfagleg rettleiar for kommunane
- Å styrke kommunen sin strategiske plankapasitet, planarbeid og samfunnsutviklarrolle
- Å utnytte ressursane meir effektivt gjennom samarbeid mellom Statsforvaltar, fylkeskommune og Distriktssenteret

# HOD-prosjektet

- Pilot i piloten. Utviklingsprosjekt med midlar frå Helse- og omsorgsdepartementet
- Korleis løfte helse og omsorg ut av sektorsporet og inn i kommunen si overordna strategiske planlegging (kommuneplan og økonomiplan)?
- Film, politisk verkstad, involvere fagpersonar i eigne organisasjonar, felles samlingar, utvikling av verktøy (innsatstrappa), kommunikasjon og formidling

# Digitalt opplæringsmaterieill



**Opplæring i plan for politikarar**

Korte filmar på 3-8 minutt.

Filmane gir nyttig kunnskap om grunnleggande tema. Sjå dei i grupper eller aleine.



Utfordringsbildet - opplæring i plan for politikarar

Sett 129 ganger • for 3 måneder siden



Barn og unge - opplæring i plan for politikarar

Sett 118 ganger • for 3 måneder siden



Realistisk planlegging - opplæring i plan for politikarar

Sett 425 ganger • for 3 måneder siden



Kommunal planstrategi. Opplæring for politikarar

Sett 571 ganger • for 3 måneder siden



Korleis lukkast med planlegging? Opplæring for politikarar

Sett 406 ganger • for 3 måneder siden



Fem gode grunнар til å planlegge. Opplæring for politikarar

Sett 552 ganger • for 3 måneder siden



Korleis få berekraft inn i planlegginga? - Opplæring i plan f...

Sett 384 ganger • for 3 måneder siden



Vassforskrifta - for kommunepolitikarar

Sett 247 ganger • for 4 måneder siden

# Intro til «Tett på»: Fagdag i Vanylven 2023

8

SYNSTE MORE Torsdag 23. mars 2023

## Lærerikt og viktig samarbeidsmøte



**SAMLA GJENG:** Representantar frå Statsforvaltaren, fylkeskommunen og Distriktsenteret tok turen til samarbeidsmøte, og det verkar som alle partar har fått ei positiv oppleving av dagen. Bakerste rekke frå venstre: Inga Marie Skavhaug, Marianne Solbakken, Hilde Tokle Yri, Andreas Rusten Velle, Andreas Nørve, Ole Horder, Synnøve Valle, Ingunn Bekken Sjøholm, May-Britt Roald, Lena Landsverk Sande, Ingvild Gjerdtset, Johnny Løen, Frida Brevik, Kari Bjørnøy og Anne Mjelbo.

Tysdag starta politikarane i Vanylven med samarbeidsmøte med Statsforvaltaren, fylkeskommunen og Distriktsenteret, der tema var strategiar og samarbeid.

det, då kommunen har hatt fleire saker der ein har opplevd å verte motarbeidd av fylke og statsforvaltar, på ulike område, og opplever at moglegheitene til å utvikle kommunen vert avgrensa. – Over tid bygger det seg opp frustasjonar. All erfaring viser

gir vi heile kommunestyret utvida høve til å bli kjent med regelverk og forståing for kvifor statsforvaltaren svarar som dei gjer, seier ordførar Lena Landsverk Sande. Det var statsforvaltaren som var badd om å koma og ha

**Handlingsrom**  
Då vi var innom, var akkurat Andreas Welle Rusten, fagleiar i justis- og verjemålsavdelinga, inne i sluttfasa av sitt innhald, der han var innom plan- og bygningslova og arealdel i kommunestyret. – Det er viktig å


Vidare var det fleire som tok ordet og nytta sjansen til å stille spørsmål eller koma med innspel om dispensasjon til bygging, slik som Ingebrigt Berget som hadde god erfaring med å ta eit felles møte med søkjarar for å få ei betre forståing av saka, og Ottar-Jan Løvoll som kom med eit hjertesukk om saka på Tue, der fleire ville starte bygging, men ein fekk nei frå statsforvaltaren, og dermed også miste interessentane som ville busetje seg her.

### Få det inn i planane

– Det viktigaste er å opplyse om saka og grunngjeve den, det er de som kjenner saka best, men om det ikkje ligg god nok grunn til, sender vi den tilbake. Det er viktig å ein ryddar godt i saka for den kjem til statsforvaltaren, svara Rusten.

Plansamordnar hos statsforvaltaren, Frida Farstad Brevik seier ho forstår at slike situasjonar som på Tue er frustrerende, og stille spørsmål til kommunen om ein har situasjonen klar, eller om dette kom heilt ut av det blå. – Få det ned. Kvar vil de utvikle? Vi må sjå spot av dette i planane. Planane er ferskvare.

## KAST TERNINGEN: HVOR NYTTIG HAR DAGEN VÆRT FOR DEG?



## KORLEIS DAGEN I

Konkrete saker frå Vanylven

Veldig positivt at så mange frå Molde kor prioritert, lytta til og det skaper forståing

God læring

Litt meir konkrete saker å drøfte

Fin dag, gjekk fort. Svært interessant. Meir om planlegging og dispensasjon

Takk for flott dag!



# Tett på-sporet



- Tett dialog med kommuneleinga
- Varer heile kommunestyreperioden
- Kompetansebygging
- Skreddarsaum
- Politiske verkstader (fysisk) og møte undervegs (digitalt)
- Gjennomført politiske verkstader i fem kommunar våren 2024
- Møte/verkstader i tre kommunar hausten 2024

# Det praktiske arbeidet i kommunane

- Tett kontakt med kommunane – med kommunedirektør og ordførar
- Vi arrangerer arbeidsverkstader: Hjelper kommunane med førebuingar, gjennomføring av møta og etterarbeid
- Distriktssenteret dokumenterer arbeidet og gjennomfører spørjeundersøkingar ved oppstart og etter kvar arbeidsverkstad.
- Viktige tema som kommunane har prioritert, er arbeid med samfunnsdelen, arealstrategi/arealrekneskap, omsorgs-/levekårsplan og bustadutvikling.

# Dette har vi fått til saman

- Eitt felles lag – vi er kollegaer på tvers av organisasjonane
- Nye arbeidsmetodar
- Læring og gode prosessar i kommunane
- Auka merksemd rundt strategisk planlegging hos kommunane, men også i eigen organisasjon
- Interesse for prosjektet i andre embete, fylkeskommunar og departement
- Har fått midlar frå KDD til undervegsevaluering



# Suksessfaktorar hittil

- Leiinga har gitt oss rom til utviklingsarbeid.
- Fleksibelt nok at vi kan endre på opplegget undervegs
- Låg terskel for å ta kontakt
- Saman identifiserer vi dei konkrete behova
- Alle tre organisasjonane er engasjerte gjennom eit likeverdige partnerskap.
- Vi er rause med kvarandre.
- Om vi skal lukkast framover, må resten av organisasjonen koplatt på.

# Den formelle organiseringa


- Styringsgruppe som består av direktør Marit Mellingen (Distriktssenteret), assisterande statsforvalter Rigmor Brøste og assisterande fylkeskommunedirektør Gunn Randi Seime.
- Delt prosjektleiing: Marianne Solbakken Distriktssenteret, Frida F. Brevik, Statsforvaltaren, og Ingunn B. Sjøholm, fylkeskommunen
- Kollegaer frå alle tre organisasjonar er tett på og har delansvar

# Vegen vidare - utviklingsmoglegheiter

- Bruk og vidareutvikling av digitalt materiale
- Meir skreddarsaum tilpassa kommunane sine planprosessar/behov
- Lage malar, rettleiarar og eksempel på sikt
- Kopling og samarbeid med fleire fagområde, for eksempel helse
- Gjere samarbeidet meir robust og mindre personavhengig
- Læring i eigne organisasjonar – krev leiing

# Kva krev dette utviklingsarbeidet av oss?

- VILJE til å få til noko nytt – utviklingsarbeid
- PRIORITERE opp og ned
- TID til refleksjon, evaluering, læring og innovasjon
- Krev PÅDRIVAR i kvar organisasjon – for framdrift
- STRUKTUR og samordning – for gjennomføringsevne
- Evne til å HALDE UT – utviklingsarbeid tar tid



**...men vi gler oss  
til å jobbe vidare  
med kommunane  
om plan!**

Foto: Andreas Rusten, SF